Årsrapport Naturvernforbundet i Bremanger

I styre sitter:

Oddgeir Sande, leiar

Vilde Andresen, kasserer/styremedlem

Silje Dyrstad, styremedlem

Frode Steinset

Aage Kvendseth

Revisor er Ståle Martin Dyrstad

Valkomité er Hege Valberg

Medlemmer totalt er 36

Vi treng nye som kan delta i styrearbeidet.

**Saker vi har hatt fokus på:**

- Holmaneset/Amoniakkfabrikk
- Myklebustfjella/Vindturbiner

**Holmaneset:**

Det er utført eit formidabelt arbeid med å innhente informasjon og sendt inn klager til Bremanger kommune i forbindelse med denne saka. Det har hittil ikkje gitt ei reversering av prosjektet men det er håp og prosjektet er ikkje på nokon måte klar til oppstart enda då det er en del kartlegging som må utføres, dette gjelder kartlegging av naturmangfold og fornminner. Lokallaget i Bremanger med fleire har gjort en kjempejobb, og i lag med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Naturvernforbundet Norge, blei det sendt inn klage i 2025 som gav utsatt iverkesetting av prosjektet, og klagen fekk medhald på eit punkt: naturmangfaldslova var ikkje tilstrekkeleg tatt hensyn til. På tross av alle motsegn har ein dessverre ikkje klart å snu politikarane i denne saka.

**Myklebustfjella/Ramskredfjella/Vindturbiner**

Denne saka er ei sak der leiar i Naturvernforbundet i Bremanger har hatt mykje arbeid med. Vi har delteke på folkemøte, hatt stands for å verve medlemmar og samle underskrifter for å få til ei innbyggjarinitiativ om folkeavrøysting om det skal komme fleire vindturbinar i Bremanger kommune. Her har det vert om lag 15 personar som har delteke og vi har samla inn tett oppunder 1100 underskrifter. Denne prosessen har Motvind delteke i og det er eit samarbeid som har fungert fint. Underskriftene blei levert til kommunestyret.

Myklebustfjellets venner blei oppretta – samarbeid lokalt for å stanse vindkraftutbygginga.